

Energiutgreiing Hjartdal kommune.

Referat frå offentleg møte med presentasjon av energiutgreiinga den 01.03.2006 på Hjartdal Elverk i Sauland. Møtet var annonsert i lokalavisa Telen, og det var sendt ut invitasjon til kommunen.

Til stades:

Det møtte 5 personar forutan dagleg leiar i Hjartdal Elverk AS og Håkon Skatvedt frå Perpetum AS. 2 av desse var representantar frå kommunen - rådmannen og tekn sjef.

1. Romme ønskte velkommen og hadde ein kort presentasjon av Hjartdal Elverk AS.
2. Skatvedt gjennomgjekk bakgrunnen for energiutgreiinga, og presenterte den ferdige rapporten slik den låg føre. Det kom fleire innspel i sambands med gjennomgangen:
 - a. 5.1.2 Potensielle utnyttbare vassdrag
Lista over potensielle utnyttbare vassdrag i kommunen var langt frå uttømmende, og det bør utførast ei betre registrering over desse til neste utgreiing.
Det blei også påpeika feil i tabellen: Hanfoss er planlagt med effekt på 3,2 MW og årsproduksjon på 19,6 GWh. Dette vil bli retta i neste års utgreiing.
 - b. Turistutbygging
Det blei reist spørsmål ved alternative energikjelder ved nye hytteområder. Er det mogleg og realistisk, å leggje inn krav om utgreiing om t.d vassboren varme i nye hyttefelt? Bør kommunen vurdere å lage ein energiplan i høve til nye reguleringsplanar?
 - c. Konesjonskraft
Det var reist spørsmål om kommunen si rett til, og bruk av konsesjonskraft. Konesjonskrafta frå Hjartdøla er om lag 35 GWh. 24 GWh er kommunens totale energiforbruk, og dermed den mengda kommunen har rett på. Denne delen kan kommunen i prinsippet forvalte fritt, og har valt å prissikre den framfør å selje den til kommunens innbyggjarar og næring.
 - d. Bioenergi (Flisfyr)
Det er i dag 3-4 private flisfyringsanlegg i kommunen.
 - e. Kommunens energiforbruk – enøkplan.
Det er tidlegare gjennomført ei enøk-analyse av nokre kommunale bygg som bør hentast fram og sjekke status på, og eventuelle nye tiltak bør vurderast på bakgrunn av desse. Enova har stønadsordningar for energioppfylgjing og investeringar i samband med dette.
3. Utbygging Hanfoss
Olav T. Mosebø orienterte om planane for utbygging av Hanfos Kraftverk, ma gjennomgang av konsesjonssøknaden. Mosebø la vekt på viktigheten av lokal verdiskaping for dette prosjektet, kontra ei større utbygging i vassdraget.

Sauland 03.mars.2006

Halvor Romme